



Møteprotokoll for Utval for drift og utvikling

Møtedato: 26.11.2019
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: 15.00 - 18.00

Møtet vart styrt av leiar Mabel Johansen, H.

Medlemmene var innkalla i skriv dat. 18.11.2019 og møtet var kunngjort i pressa 11.10.2019.

Før handsaming av sakene var utvalet på synfaring i samband med sak 101/19 og 102/19.

Åse Sudmann, AP vart erklært inhabil i sak 101/19.
Øystein Vikebø, APMøtte til sak 101/19.

Fredrik Seliussen, H vart erklært inhabil i sak 104/19.
Terje Larsen, H møtte til sak 104/19.

Utvalet hadde pause frå kl. 16.55 - 17.00.

Sektorsjef teknisk Anny Bastesen takka utvalet for godt samarbeid.

Bygg- og eigeomsforvaltar Erik Knag Johannessen orienterte om saksgang og framdrift i tvist om tildeling av kontrakt breiband.

Landbrukssjef Laila Bjørge orienterte og viste film om praktiske klimatiltak som bønder i Meland har gjort i landbruket.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Mabel Johansen	H	Utvalsleiar
Tormod Skurtveit	AP	Nestleiar
Fredrik Seliussen	H	Medlem
Asbjørn Larsen	Uavh	Medlem
Åse Nina Sudmann	AP	Medlem
Henriette Fennelly	FrP	Medlem
Erling Rønnestad	KRF	Medlem
Terje Larsen	H	Varamedlem
Øystein Vikebø	AP	Varamedlem
Leiv Jan Fosse	SP	Varamedlem
Åshild Aamli	MDG	Varamedlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Karina Garnes Reigstad	MDG
Rune Lekven Skår	SP

Desse møte frå administrasjonen: Juridisk rådgjevar Marianne Aadland Sandvik og landbrukssjef Laila Bjørge. Bygg- og eigedomsforvaltar Erik Knag Johannessen tok del i første del av møtet.

Protokollfører: Randi Hilland

27. november 2019

Mabel Johansen
leiar

Randi Hilland
konsulent

Sakliste

Saknr	Tittel
95/2019	Godkjenning av innkalling og sakliste
96/2019	Godkjenning av møteprotokoll
97/2019	Referatsaker
98/2019	Delegerte saker
99/2019	Søknad om konsesjon for overtaking GBNR 4/1 Fløksand
100/2019	Landbrukssak GBNR 52/9 Kårbø - søknad om konsesjon
101/2019	GBNR 1/6 - Klage på avslag på søknad om dispensasjon frå plankrav for frådeling av eigedom - Flatøy
102/2019	Klagesak: GBNR 23/562 Utviding av bod Frekhaug
103/2019	GBNR 11/1 og 11/29 - Søknad om dispensasjon for arealoverføring - Vestbygd
104/2019	GBNR 22/16 - Klage på avslag til søknad om fritak frå bygge- og deleforbod - Mjåtveit
105/2019	GBNR 42/24 - Søknad om dispensasjon for riving og oppføring av hytte og anneks, og til å flytte naust og byggje kai og basseng, og til å opparbeide vegtilkomst og parkering - Beitingen
106/2019	GBNR 57/8 - Søknad om dispensasjon for rehabilitering av båtopptrekk og oppføring av forstøtningsmur - Sætre
107/2019	Aktuelle saker

95/2019: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

26.11.2019 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Det vart vedteke å handsame sak 101/19 og sak 104/19 etter handsaming av sak 98/2019. Deretter vil saklista verta følgd.

UDU - 95/2019 SAMRØYSTES VEDTAK:

Innkalling og sakliste med endra rekkefølge på saklista vert godkjent.

96/2019: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå møte 15.10.2019 vert godkjent.

26.11.2019 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 96/2019 SAMRØYSTES VEDTAK:

Møteprotokoll frå møte 15.10.2019 vert godkjent.

97/2019: Referatsaker

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering.

26.11.2019 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Det låg ikkje føre skriv og meldingar.

UDU - 97/2019:

98/2019: Delegerede saker

Rådmannen sitt framlegg:

Delegerede saker vert tekne til orientering.

26.11.2019 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 98/2019 SAMRØYSTES VEDTAK:

Delegerte saker vert tekne til orientering.

99/2019: Søknad om konsesjon for overtaking GBNR 4/1 Fløksand

Rådmannen sitt framlegg:

Utval for drift og utvikling gjev med heimel i konsesjonslova §§ 2, 9 og 11 konsesjon til Hui konsernet AS for overtaking av gnr 4 bnr 1 i Meland kommune på vilkår av at dei avstår 15 daa fulldyrka jord i Grinddalen til nabobruket GBNR 5/3 til landbrukstakst. Frist for avståelse er sett til 31.12.2023.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga ovanfor.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Vedtaket kan påklagast i samsvar med Forvaltningslova § 28.

26.11.2019 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Landbrukssjef Laila Bjørge orienterte.

Framlegg til vedtak i møte:

Utval for drift og utvikling gjev med heimel i konsesjonslova §§ 2, 9 og 11 konsesjon til Hui konsernet AS for overtaking av gnr 4 bnr 1 i Meland kommune på vilkår av at dei avstår 20,3 daa fulldyrka jord og 48 daa omliggjande skogsområde i Grinddalen til nabobruket GBNR 5/3 til landbrukstakst, i samsvar med kart innsendt av Arne Haugsvær, minus areal regulert til parkering (2,7 daa). Dette vil gjeva ei betre arrondering av landbruksarealet. Frist for avståelse er sett til 31.12.2023.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Vedtaket kan påklagast i samsvar med Forvaltningslova § 28.

Avrøysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 0 røyster for, 9 røyster mot, og fall.

Framlegg til vedtak i møte vart samrøystes vedteke.

UDU - 99/2019 SAMRØYSTES VEDTAK:

val for drift og utvikling gjev med heimel i konsesjonslova §§ 2, 9 og 11 konsesjon til Hui konsernet AS for overtaking av gnr 4 bnr 1 i Meland kommune på vilkår av at dei avstår 20,3 daa fulldyrka jord og 48 daa omliggjande skogsområde i Grinddalen til nabobruket GBNR 5/3 til landbrukstakst, i samsvar med kart innsendt av Arne Haugsvær, minus areal regulert til parkering (2,7 daa). Dette vil gjeva ei betre arrondering av landbruksarealet. Frist for avståelse er sett til 31.12.2023.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Vedtaket kan påklagast i samsvar med Forvaltningslova § 28.

100/2019: Landbrukssak GBNR 52/9 Kårbø - søknad om konsesjon

Rådmannen sitt framlegg:

Utval for drift og utvikling gjev med heimel i konsesjonslova §§ 2,9 og 11 konsesjon til Tom Halland Kristiansen for overtaking av GBNR 52/9 Sansetunet i Meland.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiing ovanfor.

Gebyr for sakshandsaming ligg ved.

Vedtaket kan påklagast i samsvar med forvaltningslova § 28.

26.11.2019 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

UDU - 100/2019 SAMRØYSTES VEDTAK:

Utval for drift og utvikling gjev med heimel i konsesjonslova §§ 2,9 og 11 konsesjon til Tom Halland Kristiansen for overtaking av GBNR 52/9 Sansetunet i Meland.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiing ovanfor.

Gebyr for sakshandsaming ligg ved.

Vedtaket kan påklagast i samsvar med forvaltningslova § 28.

101/2019: GBNR 1/6 - Klage på avslag på søknad om dispensasjon frå plankrav for frådelling av eigedom - Flatøy

Rådmannen sitt framlegg:

Utval for drift og utvikling kan ikkje sjå at det er grunnlag for å gi fritak frå plankravet i føresegn 1.2.1 til kommuneplanen sin arealdel (KPA), jf. føresegn 2.1.1 a). Vidare kan Utval for drift og utvikling ikkje sjå at det er grunnlag for å gi dispensasjon frå plankravet i føresegn 1.2.1 til KPA, jf. pbl § 19-2 andre ledd. Klaga vert difor ikkje teke til følgje.

For grunngjeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiing og vurdering over. Saka vert sendt til Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd.

26.11.2019 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Utvalet var på synfaring før vedtak vart fatta.

Åse Sudmann, AP, hadde varsla at ho ville ha sin habilitet vurdert då ho er part i saka.

Åse Sudmann gjekk frå ved handsaming av habilitetsspørsmålet. Øystein Vikebø, AP tok sete.

Det kom framlegg om at Åse Sudmann vart erklært inhabil i saka.

Avrøysting:

Med tilvisning til forvaltningslova § 6 a) vart Åse Sudmann samrøystes erklært inhabil.

Øystein Vikebø tok del i handsaming av saka.

Framlegg til vedtak i møte:

Utval for drift og utvikling tar klagen til følgje.

Plassering av tomten på arealet som er avsatt til boligformål ligg i ein utkant med hus på eine sida og avgrensa av veg på andre sida. Utskilning av tomten vil ha liten innverknad på seinare reguleringsplan.

Fordelen med å gi dispensasjon er større enn ulempene. Noverande veg vil ikkje verte endra ved seinare utarbeiding av reguleringsplan.

Avrøysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 0 røyster for, 9 røyster mot, og fall.

Framlegg til vedtak i møte vart samrøystes vedteke.

UDU - 101/2019 SAMRØYSTES VEDTAK:

Utval for drift og utvikling tar klagen til følgje.

Plassering av tomten på arealet som er avsatt til boligformål ligg i ein utkant med hus på eine sida og avgrensa av veg på andre sida. Utskilning av tomten vil ha liten innverknad på seinare reguleringsplan.

Fordelen med å gi dispensasjon er større enn ulempene. Noverande veg vil ikkje verte endra ved seinare utarbeiding av reguleringsplan.

102/2019: Klagesak: GBNR 23/562 Utviding av bod Frekhaug

Rådmannen sitt framlegg:

Utval for drift og utvikling finn at klage datert 21.10.2019 ikkje inneheld ny grunngeving eller nye opplysningar som tilseier at vedtaket datert 01.10.2019, saksnr. 226/2019, vert gjort om. Klaga vert difor ikkje teken til følgje.

Det vert vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor som grunnlag for vedtaket. Saka vert sendt til Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd.

26.11.2019 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Utvalet var på synfaring før vedtak vart fatta.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

UDU - 102/2019 SAMRØYSTES VEDTAK:

Utval for drift og utvikling finn at klage datert 21.10.2019 ikkje inneheld ny grunngeving eller nye opplysningar som tilseier at vedtaket datert 01.10.2019, saksnr. 226/2019, vert gjort om. Klaga vert difor ikkje teken til følgje.

Det vert vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor som grunnlag for vedtaket. Saka vert sendt til Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd.

103/2019: GBNR 11/1 og 11/29 - Søknad om dispensasjon for arealoverføring - Vestbygd

Rådmannen sitt framlegg:

Utval for drift og utvikling gir dispensasjon til overføring av eit areal på inntil 200 m2, frå gbnr. 11/1 til gbnr. 11/29, jf. pbl § 19-2 andre ledd, jf. § 11-6 andre ledd

Vidare gir Utval for drift og utvikling med heimel i jordlova § 12 samtykke til deling av inntil 200 m2 frå gbnr. 11/1.

Frådeling kan ikkje gjennomførast før det er gitt løyve ette pbl kapittel 20.

For grunngeving av vedtaket sjå saksutgreiing og vurdering over.

26.11.2019 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

UDU - 103/2019 SAMRØYSTES VEDTAK:

Utval for drift og utvikling gir dispensasjon til overføring av eit areal på inntil 200 m2, frå gbnr. 11/1 til gbnr. 11/29, jf. pbl § 19-2 andre ledd, jf. § 11-6 andre ledd

Vidare gir Utval for drift og utvikling med heimel i jordlova § 12 samtykke til deling av inntil 200 m2 frå gbnr. 11/1.

Frådeling kan ikkje gjennomførast før det er gitt løyve ette pbl kapittel 20.

For grunngjeving av vedtaket sjå saksutgreiing og vurdering over.

104/2019: GBNR 22/16 - Klage på avslag til søknad om fritak frå bygge- og deleforbod - Mjåtveit

Rådmannen sitt framlegg:

Utval for drift og utvikling kan ikkje sjå at det er grunnlag for å gi fritak frå gjeldande bygge- og deleforbod for riving av bustad og oppføring av ny bustad og garasje på gbnr. 22/16. På bakgrunn av dette finn Utval for drift og utvikling heller ikkje grunnlag for å gi fritak eller dispensasjon for gjeldande plankrav i kommuneplanen sin arealdel. Klaga vert difor ikkje teke til følgje.

For grunngjeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiing og vurdering over. Saka vert sendt til Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd.

26.11.2019 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Fredrik Seliussen, H hadde varsla at han ville ha sin habilitet vurdert då han er dagleg leiar i Furefjellet AS, som i eit privat-offentleg-samarbeid, utvikler områdeplan for Dalstø-Mjåtveitstø sammen med Meland kommune.

Fredrik Seliussen gjekk frå ved handsaming av habilitetsspørsmålet. Terje Larsen, H tok sete ved handsaming av saka.

Det kom framlegg om at Fredrik Seliussen vart erklært inhabil i saka.

Avrøysting:

Med tilvisning til forvaltningslova § 6 e)2. vart Fredrik Seliussen samrøystes erklært inhabil.

Terje Larsen tok del i handsaming av saka.

Framlegg til vedtak frå Mabel Johansen, H:

Utval for drift og utvikling kan ikkje sjå at søknad om riving av bustad og garasje på **GBNR 22/16** vil få konsekvensar for plassering av teknisk infrastruktur i områdeplanen og gjev søkjar medhald i klagen.

Utval for drift og utvikling gir i medhald av plan- og bygningslova § 13-1 tredje ledd fritak frå bygge- og deleforbod, vedteke 19.02.2019, i sak 16/2019, for riving av eksisterande bolig og oppføring av ny bolig og garasje på GBNR 22/6, i henhold til innsendt byggesøknad.

Utval for drift og utvikling gjev også fritak og dispensasjon for gjeldande plankrav i kommuneplanens arealdel. Det vert vist til opplysningar i saka og argumenta frå klager som grunngjeving av vedtaket.

Avrøysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 1 røyster for, (SP), 8 røyster mot, og fall.

Framlegg til vedtak frå Mabel Johansen fekk 8 røyster for, (2 AP, 2 H, 1 KrF, 1 FrP, 1 MDG, 1 Uavh), 1 røyst mot, og er såleis vedteke.

UDU - 104/2019 VEDTAK (MOT 1 RØYST):

Utval for drift og utvikling kan ikkje sjå at søknad om riving av bustad og garasje på **GBNR 22/16** vil få konsekvensar for plassering av teknisk infrastruktur i områdeplanen og gjev søkjar medhald i klagen.

Utval for drift og utvikling gir i medhald av plan- og bygningslova § 13-1 tredje ledd fritak frå bygge- og deleforbod, vedteke 19.02.2019, i sak 16/2019, for riving av eksisterande bolig og oppføring av ny bolig og garasje på GBNR 22/6, i henhold til innsendt byggesøknad.

Utval for drift og utvikling gjev også fritak og dispensasjon for gjeldande plankrav i kommuneplanens arealdel. Det vert vist til opplysningar i saka og argumenta frå klager som grunngjeving av vedtaket.

105/2019: GBNR 42/24 - Søknad om dispensasjon for riving og oppføring av hytte og anneks, og til å flytte naust og byggje kai og basseng, og til å opparbeide vegtilkomst og parkering - Beitingen**Rådmannen sitt framlegg:**

Utval for drift og utvikling gir med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 andre ledd, jf. § 11-6 andre ledd, jf. første ledd, dispensasjon frå byggeforbodet i strandsona for følgjande tiltak:

- Riving av hytte og anneks
- Oppføring av hytte og anneks med maksimalt 120 m2 BRA
- Oppføring av terrasse og basseng

Tiltaka må søkjast om med omtrent same plassering som vist på vedlagte kart og teikningar, og det skal ikkje gjerast tiltak av noko slag nærare sjøen.

For grunngjeving vert det vist til saksutgreiing og vurdering over.

26.11.2019 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

UDU - 105/2019 SAMRØYSTES VEDTAK:

Utval for drift og utvikling gir med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 andre ledd, jf. § 11-6 andre ledd, jf. første ledd, dispensasjon frå byggeforbodet i strandsona for følgjande tiltak:

- Riving av hytte og anneks
- Oppføring av hytte og anneks med maksimalt 120 m2 BRA
- Oppføring av terrasse og basseng

Tiltaka må søkjast om med omtrent same plassering som vist på vedlagte kart og teikningar, og det skal ikkje gjerast tiltak av noko slag nærare sjøen.

For grunngjeving vert det vist til saksutgreiing og vurdering over.

106/2019: GBNR 57/8 - Søknad om dispensasjon for rehabilitering av båtopptrekk og oppføring av forstøtningsmur - Sætre

Rådmannen sitt framlegg:

Utval for drift og utvikling gir i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 andre ledd, jf. § 11-6 første ledd, dispensasjon frå landbruks-, natur- og friluftsføremålet i kommuneplanen sin arealdel, frå arealføremålet bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone og frå byggeforbodet i strandsona, for oppføring av forstøtningsmur og båtopptrekk. Det gjeld følgjande vilkår for dispensasjonen:

- Dispensasjonen gjeld båtopptrekket. Dei gis ikkje dispensasjon til dei to utstikkarane på høvesvis 10,8 meter og 8,9 meter.
- Det skal ikkje gjerast noko med området mellom forstøtningsmuren og båtopptrekket.

For grunngjeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiing og vurdering over.

26.11.2019 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

UDU - 106/2019 SAMRØYSTES VEDTAK:

Utval for drift og utvikling gir i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 andre ledd, jf. § 11-6 første ledd, dispensasjon frå landbruks-, natur- og friluftsføremålet i kommuneplanen sin arealdel, frå arealføremålet bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone og frå byggeforbodet i strandsona, for oppføring av forstøtningsmur og båtopptrekk. Det gjeld følgjande vilkår for

dispensasjonen:

- Dispensasjonen gjeld båtopptrekket. Dei gis ikkje dispensasjon til dei to utstikkarane på høvesvis 10,8 meter og 8,9 meter.
- Det skal ikkje gjerest noko med området mellom forstøtningsmuren og båtopptrekket.

For grunngjeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiing og vurdering over.

107/2019: Aktuelle saker

Rådmannen sitt framlegg:

Orienteringane vert tekne til vitande.

26.11.2019 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Leiv Jan Fosse, SP sa at på ein møteplass på Fosse står det ofte parkert ein stor semitrailar . Dette skapar farlege situasjonar for gåande spesielt skuleborn, som går langs vegen no når det er blitt mørkt.

Administrasjonen vil undersøkje dette.

Asbjørn Larsen, Uavh stilte spørsmål om ein har landa på traséval Fløksand-Vikebø.

Administrasjonen svarte at det til no ikkje hadde kome svar på dette.

UDU - 107/2019 SAMRØYSTES VEDTAK:

Orienteringane vert tekne til vitande.
